

RELIGION OG INTERKULTURALITET I LATIN-AMERIKA

Kjell Gulbrandsen
Raufoss vgs¹

Det kan vel knapt tenkjast ein meir interessant stad på kartet for å illustrere interkulturalitet enn Latin-Amerika. Eg skal her, særleg på bakgrunn av ei reise til República Dominicana (Yri 2008) og ei eksamensoppgåve (Gulbrandsen 2008), vise korleis éi side av interkulturalitet, nemleg "religionsfaga" – dvs. religio, livsyn og etikk (i grunnskolen) og religion og etikk (i den vidaregåande opplæringa) – kan brukast som utgangspunkt for tverrfagleg arbeid. Ettersom eg sjølv trur lite på overføringsverdien av ferdige opplegg, skal eg heller konsentrere meg om eksempel på korleis samarbeid mellom fag som spansk, religion, historie, geografi, musikk, norsk og engelsk kan vere med på å gjere elevane medvitne om interkulturalitet – og om Latin-Amerika, som til no jo ikkje har vore særleg grundig behandla i læreverka (Eide & Johnsen 2006).

Interkulturalitet

I læreplanen for fremmenspråk heiter det at "[i] en verden med økende mobilitet og digital samhandling er kompetanse i flere språk og interkulturell kompetanse en forutsetning for kommunikasjon og deltakelse på mange områder" (Utdanningsdirektoratet [2006a]). Læreplanen definerer ikkje interkulturell kompetanse, men den generelle delen av læreplanverket seier at "[o]pplæringa skal motverke fordommar og diskriminering, og fremje gjensidig respekt og toleranse mellom grupper med ulike levesett" (Det kongelige kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartement 1997: 12). Dessverre er historia om møta mellom ulike kulturar i Latin-Amerika i stor grad ei historie om det motsette – om intoleranse og diskriminering i religionens – særleg kristendommens – namn. Eg skal i det følgjande sjå på interkulturalitet på to måtar – presentasjon av (1) idear som elevane kan bruke for å utvikle den interkulturelle kompetansen sin og (2) ein del fakta som gjeld resultat av kulturmøte i det spansktalande Amerika.

¹ Kjell Gulbrandsen er lektor ved Raufoss vidaregåande skole og student ved Høgskolen i Lillehammer. Har undervist i fleire skoleslag, arbeidde 1996–2005 i Eksamenssekretariatet, Læringscenteret og Utdanningsdirektoratet med vurdering i fremmenspråk og var 2005–2006 redaktør i Aschehoug undervisning. Har m.a. gitt ut læreverke i engelsk, mindre gjendiktingar og fleire artiklar om læreplanar og vurdering i fremmenspråk og om litteratur. E-post: kjell.gulbrandsen@ansatt.opplandvgs.no.

Eit mål for opplæringa kan etter mitt syn vere Aud Marit Simensen (2003)² sin definisjon av omgrepet *interkulturell kompetanse*: ”en generell evne hos et menneske / en elev til å forstå annerledesheit / *otherness* og det å være bevisst sine egne verdier”.

Stadnamn

Eit eksempel på kor godt iallfall den sist nemnde evna var utvikla hos dei spanske *conquistadores*, kan elevane sjå i eit tilfeldig utval av stadnamn i det spanske Amerika: Namn som vitnar om den kristne trua er Santa Fe, Los Angeles, Santa Cruz, El Salvador, San Salvador, Trinidad, Sacramento, Concepción, La Providencia, Mercedes og Ciudad de Jesús, mens byane San Quentin, Saint Augustine, San Diego, San Francisco, Santa Barbara, Santa Monica, San José, Santiago, San Antonio, San Bernardino, San Cristóbal, San Joaquín, San Miguel, San Pedro Sula, Santa Ana, Santa Clara, Santa Marta og Santo Domingo er kalla opp etter helgenar. Sjølv sagt kan elevane ha i oppgåve å finne slike namn på kartet sjølv og presentere kva som ligg til grunn for dei – kunnskap om katolisismen hos det store fleirtalet av norske elevar er jo ikkje akkurat imponerende frå før.³ Uttaleøvingar med utgangspunkt i stadnamna, kva slike namn fortel om religionen si stilling i kolonitida og om katolisismen generelt og kor mange av namna ovanfor som er knytte til dagens USA kan vere moment å arbeide vidare med – kven er no denne San José, og gir vi byane våre namn på denne måten? Slik kan faga kristendoms-, religions- og livssynskunnskap og religion og etikk bli knytt til noko konkret, og slik kan språk knytast til kultur.

Og apropos stadnamn og USA: San Quentin, San Antonio, Saint Augustine og San José opptrer i songar som ikkje er uvanlege å bruke i engelskopplæringa: Johnny Cash syng ”San Quentin, you’ve been livin’ hell to me” og ”I’m stuck at Folsom Prison and time keeps draggin’ on. / But that train keeps rollin’ on down to San Antone”, Dionne Warwick spør ”Do you know the Way to San Jose?”, Bob Dylan

² Med støtte i den britiske forskaren Michael Byram.

³ Når elevane mine arbeider med reformasjonen i norsk språk- og litteraturhistorie, slår det meg at riktig mange av dei seier og skriv *katolisismen*. Eit søk på denne forma gav da òg i sommar godt over to tusen treff (og over 1 600 på *katolisisme*, men heldigvis berre tre på *katolistisk*), og på Den katolske kyrkja i Norge si nettside ”Om den katolske kirke – for skoleelever” kan vi lese ”Vi i [Informasjonstjenesten](#) mottar hver eneste dag henvendelser fra skoleelever som har spørsmål angående Den katolske kirke og ’katolisismen’ (NB! det heter ikke ’katolisismen!’).” (Katolsk informasjonstjeneste 2008).

drøymde at han "saw St Augustine" og Tom Lehrer fortel i "Pollution" om eit lite appetittvekkjande kretsløp:

Lots of things there that you can drink,
But stay away from the kitchen sink.
The breakfast garbage that you throw in to the bay,
They drink at lunch in San Jose.

Det skal ikkje mykje felles planlegging til mellom spansk- og engelsklærarar for at elevane gjennom stadnamn kan få hjelp til å sjå samanhengar mellom fortid og notid som dei kanskje ikkje visste om.

Den moderne rasismen oppstår

Tilbake til religionen: Det heiter seg jo at "Gud [skapte] mennesket i sitt bilete" (Gn. 1,27), men når det gjeld Latin-Amerika, ser vi at også det omvendte gjeld: Menneska der skapte erobrarane sin Gud i sitt eige bilete. Kong Fernando og dronning Isabela heldt som kjent til i Granada, og katedralen der kan stå som symbol på den kulturen som Columbus førte med seg *til* Amerika – katedralen der er utstyrt med noko av det gullet som spaniarane tok med seg *tilbake*. I Granada står ein relativt ny statue av Columbus som ber Isabela om støtte til den ekspedisjonen som han planla (<http://supershippy.livejournal.com/28972.html>), mens det i Santo Domingo, hovudstaden i República Dominicana, står ein statue av han etter at han kom fram (IgoUgo Review 2008), like ved den eldste kyrkja på den vestlege halvkula.

Korleis påverka så erobringa av Amerika dei religiøse forholda? Spaniarane erobra Amerika i kjølvatnet av to viktige forhold: Inkvisisjonen og *la reconquista*. I boka *Korstogene* seier Kurt Villads Jensen (2006: 237 ff.):

Ferdinand og Isabella var begge dypt personlig kristne, og de fikk tilnavnet "De katolske regentene". I 1478 var den spanske inkvisisjonen blitt etablert som en selvstendig institusjon uavhengig av Roma, dens viktigste oppgave var å finne kjettere, først og fremst *convertidos* – jøder som hadde latt seg døpe, men som man mente fortsatte med å praktisere jødedommen i hemmelighet. Det var i dette miljøet at ideen om "blodets renhet" oppsto – at blodet bærer religionen. En jøde kunne aldri bli en ordentlig kristen og kristne skulle bevise med stamtavler at deres blod var rent og uten jødisk innhold i flere generasjoner. Moderne rasisme oppsto på slutten av 1400-tallet og fikk forferdelige konsekvenser for tusener og atter tusener av mennesker som ble brent som kjettere. Senere er rasismen blitt verre, og utryddelsesmidlene mer effektive. Isabella og Ferdinand ville rense Spania for både kjettere og muslimer og i det hele tatt for all form for *convivencia*, for samliv mellom religionene. [...] Den muslimske befolkningen i Spania ble forsøkt omvendt, fordrevet, tvangsomvendt eller simpelthen forbudt og kontrollert av inkvisisjonen. Det var en lang prosess som strakte seg gjennom hele 1500-

tallet, og som endte med at islam ble helt utryddet. Endelig feiret Ferdinand og Isabella seieren ved å gi penger til fattige, til religiøse institusjoner og til alle som hadde en god unnskyldning for å be om penger. Derfor finansierte de også tre skip som skulle forsøke å nå India ved å seile vestover. Christofer Columbus hadde ikke kunnet skaffe penger til et så fantastisk prosjekt andre steder, men det var en form for korstog og falt helt klart innenfor de områder som Isabella og Ferdinand støttet så gavmildt.

Rollespel om folkegruppene i República Dominicana

Religionane til urinnvånarane i Amerika låg altså dårleg an. Men ei av dei mange interessante sidene ved Latin-Amerika er nettopp den kulturen som har oppstått som følgje av dei møta som har skjedd. På ein skole som eg besøkte i Moca i República Dominicana, var det inga motsetning mellom tradisjonell morgonbøn og påfølgjande dans for dei norske gjestene. Ja, under ei messe i klosteret Monte de Oración nokre dagar tidlegare svinga ei nonne i sekstiåra seg i takt med ein lovsong som gjekk på "La Bamba"-melodien. Klarer elevane våre å sjå at slikt er både mogleg og naturleg, er dei på god veg til å utvikle "[l]a capacidad de relacionar entre sí la cultura de origen y la cultura extranjera", som Europarådet er oppteke av (Consejo de Europa 2002: 102).

Elevane i den klassa som eg gjesta, viste eit rollespel med tre folkegrupper: urinnvånarar som dyrka grønnsaker, erobrarar som kom med kristendommen og slavedrivarar som kom med slavar (sjå vedlegg). Slavane song denne songen (som eg ikkje har kjelda til):

Somos los esclavos
de la raza africana
fuimos capturados
para cortar caña.

Esta raza negra
con gran dignidad
luchó en esta tierra
por su libertad.

Negros cimarrones
Así nos llamaron
porque en rebeliones
nosotros formamos.

Etterpå oppsummerte elevane i samla klasse kva som var hovudbidraga frå dei tre gruppene til det som i dag er den felles kulturen i landet –

- (1) jordbruk og fiske

- (2) religion og språk og
- (3) musikk og dans

– før læraren – Jesús Juan, heitte han til og med – sette på musikk som alle saman, på tvers av etnisk bakgrunn, dansa etter. Leksa til neste time vart å svare på ei av to oppgåver: "¿Qué significa para ti la libertad?" og "Los derechos humanos". Då eg etterpå hadde undervist klassa om norske forhold, med hovudvekt på vinter og snø, spurde forresten ein av "slavedrivarane" i rollespelet: "¿Se siente diferente de nosotros?" Han hadde tydelegvis byrja tenkje i Europarådets babar.

Vi treng ikkje å bruke tid her på at kultur møta ikkje skjedde under fullt så snille former som i rollespelet og at dei fyrste europearane ikkje hadde utvikla nokon "capacidad de cumplir el papel de intermediario cultural entre la cultura propia y la cultura extranjera, y de abordar con eficacia los malentendidos interculturales y las situaciones conflictivas" (Consejo de Europa 2002: 102). Vi skal heller sjå litt på nokre av dei følgjende av kultur møta som har med religion å gjere.

Nuestra Señora de Guadalupe

Religion finst over alt i Latin-Amerika, sjølv om talet på ikkje-truande veks. Eit godt eksempel på korleis dei nye trusførestellingane vart skapte i mennesket sitt bilete er historia om Nuestra Señora de Guadalupe; etter tradisjonen (Den katolske kirke 2008) var det

til Vår Frue av Guadalupe i Extremadura at Kristoffer Columbus valfartet før han dro ut på sin reise hvor han oppdaget Amerika i 1492, og han ba til den svarte madonnaen om beskyttelse. Det var også dit han foretok sin første valfart etter at han kom tilbake, og det var der han først takket himmelen for sin oppdagelse. Som takk kalte han en øygruppe som han gikk i land på som første europeer, for Santa Maria de Guadalupe de Extremadura, og han gjorde den hellige jomfruen av Guadalupe til symbol på kristningen av størstedelen av Amerika.

I desember 1531 openberra Nuestra Señora de Guadalupe seg for mexikanaren Juan Diego⁴ (<http://www.katolsk.no/biografi/des12.htm>): Eg kan ikkje tenkje meg noko meir talande resultat av kultur møta enn Nuestra Señora de Guadalupe, ei Maria som tek opp i seg ei før-columbiansk dyrking av ein livgivande kvinneleg guddom. Når "La Guadalupana" blir brukt i reklame med latinamerikanske innvandrarakar midt i

⁴ Kanonisert i 2002 som den fyrste av Amerikas urinnvånarakar.

Chicago som målgruppe (Hellstrøm Groth et al. 2006: 14f.), seier det litt om kor sterkt Nuestra Señora de Guadalupe står i kulturen der.

Fyrst skal vi sjå på enkelte sider av trusblandinga. Nobelprisvinnaren Rigoberta Menchú (1992)⁵ viser m.a. svært instruktivt korleis før-columbianske ritar og tradisjonar framleis lever i aller beste velgåande, og ei julekrubbe eg har kjøpt i Santa Fe de Bogotá, viser nesten fleire trekk frå Colombia enn frå Midtausten.

Korleis kan dette ha seg?

Utvikling av folkereligjøisitet

Vi har sett korleis Isabela er den moderne rasismens mor og at erobringstoktene kan sjåast på som ei vidareføring av korstoga. Erobrarane gjekk særleg hardt ut mot seremoniane til urinnvånarane; Fray Buil, "el primer misionero de las Indias", var talsmann for brutal behandling av opprørske urinnvånarar (Lundqvist 2006: 129–134) på det kontinentet som erobrarane såg som "el vasto imperio del Diablo, de redención imposible o dudosa, pero la fanática misión contra la herejía de los nativos se confundía con la fiebre que desataba, en las huestes de la conquista, el brillo de los tesoros del Nuevo Mundo" (Galeano 1986: 18). Erobringa av land og erobringa av sjeler var to sider av same sak, og urinnvånarane måtte overføre kulturen sin munnleg og i løyndom (Pharo 2007: xviii).

På denne måten utvikla det seg på den eine sida ein slags aksept for katolisismen; eg har sett ei ung kvinne i kyrkja El Corazón de Jesús i Moca i República Dominicana klamre seg i bøn til ein Kristus-statue med innskrifta "Y todo por mí", og det verka ekte og "katolsk" nok, men på den andre sida byrja ein folkereligjøisitet som var meir eller mindre katolsk. Tvangsdøyping i stor skala og mangelen på systematisk opplæring – katekese – førte i beste fall til ein "superestructura católica" (Smart 1998: 569). Denne teorien blir stadfesta av arkeologiske utgravingar: I México inneheldt katolske kors hulrom med gjenstandar med tilknytning til astekisk kult (Gascoigne 1978: 195). Ein stad i Guatemala blir det forresten ofra høner til eit gudebilete av stein, og lippene til guden blir måla med blod før messa (*ibid.*, s. 196).

Ja vel, men når Andreas, eit av borna til Simon Darre og Ramborg Lavransdatter i romanen *Korset* (I, III) av Sigrid Undset (1986: 620f.; 1990: 205f.),

⁵ Jf. Hellstrøm Groth et al. 2006: 165.

som trudde på vardøger og var oppteken av dei underjordiske, er dødssjuk, bruker Kristin Lavransdatter element frå førkristen tru for å berge barnet som ho er tante til:

[...] Kristin gikk bent over kirkegården ned til fattiggravene ytterst ved gjerdet i syd.

Hun gikk dit hvor en fattig innflytter i bygden lå. [...]

Så får du unne mig en torv av taket ditt, Bjarne, til Ramborgs sønn. Hun la sig på kne og drog ut dolken sin.

Svetten prikket iskoldt på hennes panne og overlebe, da hun grov fingrene inn under duggvåte torv. Det holdt igjen fra mulden – bare røtter – hun snittet dem over med dolken.

I gjengave må draugen ha gull eller sølv som er arvet gjennom tre ættledd. Hun drog av sig den lille gullring med rubinene som hadde været hennes farmors festensring – barnet er min fars avkom. Hun dyttet ringen så dypt ned i jorden som hun kunde, svøpte torven inn i likklædet og dekket mose og løv over det sted hvor hun hadde tatt den. [...] Så steg hun over muren igjen og gikk nedover.

[...]

Så dekket hun linklædet over [guttens] ansikt og bryst og la torvstrimmelen tversover.

[...] Kristina fue directamente hacia los sepulcros de los pobres, al extremo del muro del lado sur.

Habían enterrado allí a un pobre emigrado, un extranjero. [...]

Ya puedes dejar que coja un poco de césped de tu sepultura, Bjarne, para el hijo de Ramborg.

Kristina se arrodilló y sacó su puñal. El sudor perleaba, helado, sobre su frente y su labio superior, cuando metió los dedos en el césped húmedo. Kristina fue cortando las hierbas...

A cambio el muerto debe recibir un objeto de oro o plata que se hubiera transmitido por herencia durante tres generaciones... Kristina eligió su anillo adornado de rubíes, el anillo de boda de su abuela. “El niño es el descendiente de mi padre”. Hundió la sortija en la tierra tan profundamente como pudo; luego, envolviendo en el lienzo el puñado de césped, recubrió con musgo y hojas el lugar de donde lo había sacado. [...] Kristina volvió a saltar por encima del muro y bajó la colina de la iglesia.

[...]

Cubrió el rostro y el pecho de Andrés con el lienzo y extendió encima el pan de césped.

Utan å gå inn i nokon teologisk diskusjon: Det som Kristin Lavransdatter gjer her, er inga ukristeleg handling; synd oppstår fyrst i situasjonar der ein *veit* at ein bryt Guds bod. Korleis de vil behandle blandinga av den heilage Nicolás, den norske gardsnissen og reklamefiguren for ein nordamerikansk leskedrikk som eg skal avstå frå å drive tekstreklame for her, får bli opp til dykk ...

Gamle gudar i ny skapnad

Sjølv om talet på urinnvånarar raskt vart redusert, ikkje minst pga. folkemord i Guds namn, overlevde og lever framleis (Pharo 2007: xi) mange precolumbianske gudar og legendar i dagens mesoamerikanske kultur. Mange kulturelle element er påverka av katolisismen, og i mange tilfelle er moderne oppfatningar i røynda ei “mayaisering”, ei

”nahuatlisering” osb. av katolisismen. På same måten kan ein seie at dyrkinga av precolumbianske gudar held fram i helgendyrkinga (Smart 1998: 559). Eit godt eksempel er sjølv sagt Nuestra Señora de Guadalupe; ti år etter erobringa av Mexico tala ho språket til urinnvånarane (*ibid.*, s. 555). Ho utvikla seg til den mest populære helgenen i landet, eit nasjonalt symbol for både truande og ikkje-truande, eit symbol på ein ”mestisreligion”. På den viktigaste festdagen for henne dansar *concheros aztecas* frå byane til ære for henne, og i 1999 erklærte Kyrkja henne som ”Reina de toda América” (Juan Pablo II 1999), ”el evangelizador más significativo de América”. Ho blir bedt til for vern og i kritiske situasjonar (Pharo 2007: LIII) – som då pave Johannes Paul (*Ibid.*) var i Latin-Amerika og bad om hjelp til reevangeliseringa i verdsdelen: ”¡Nuestra Señora de Guadalupe, Madre de América, ruega por nosotros!”

Det ser ut til at trua til *los Reyes Católicos* aldri slo heilt igjennom i Latin-Amerika; i alle tilfalle var det kulturelle innslaget frå dei afrikanske slavane i sterk grad med på å modifisere *el marco ibérico del catolicismo*. Afrikanarane – t.d. jorubaene – med ein kultur som har overlevd ved å blande seg med katolske element slik at enkelte gudar blir dyrka som helgenar – held på sine eigne mytar og truer. I Brasil finst det samfunn som dyrker det som Rønning (2007: XLVI–XLVII) kallar synkretisme mellom yoruba og katolisisme, og på Cuba finn vi *la Santería* (C. Álvarez-Solar y Fonseca 2006: 88–91), ”cuyos dioses son Yoruba, pero están también identificados con santos” – for berre å nemne somme av eksempla på ulike trusblandingar i forskjellig grad.

Vi kan seie at desse helgenane representerer eit dekke eller eit tak over den andre trua (Smart 1998: 567ff.), men oppfatningane til enkelte forskarar om at slavane laga seg eit tynt ferniss av kristendom for å føre slavedrivarane bak lyset, blir av andre rekna som ei forenkling (McGuire 2008: 267). På den same måten går Pharo (2007: XI) mot synkretismeteorien når det gjeld urinnvånarane, og seier at dei sjølv definerte kristendommen innanfor rammene av sitt eige kulturelle system, og vi kan kanskje gå ut frå at dette òg gjeld for afrikanarane.

Sjølv sagt treng ikkje elevane å vite alt dette, men slik kunnskap kan hjelpe dei til å orientere seg i nyheitene. T.d. hadde avisa *Vårt Land* (23.5.2008) tidlegare i år ein biletserie om festen Corpus Cristi i Venezuela som kunne ha vorte kommentert på bakgrunn av kunnskapar om kva som vart resultatet av dei møta som elevane ”mine” i Moca så fint dramatiserte.

Er det dette Ocatvia Paz (2008) – meir til glede for oss, kanskje, enn for elevane, – skriv om i ”En el laberinto de la soledad”?

Para los antiguos mexicanos la oposición entre muerte y vida no era tan absoluta como para nosotros. La vida se prolongaba en la muerte. Y a la inversa. La muerte no era el fin natural de [l]a vida, sino fase de un ciclo infinito. Vida, muerte y resurrección eran estadios de un proceso cósmico, que se repetía insaciable. [...] Religión y destino regían su vida, como moral y libertad presiden la nuestra. [...] El advenimiento del catolicismo modifica radicalmente esta situación. El sacrificio y la idea de salvación, que antes eran colectivos, se vuelven personales. La libertad se humaniza. Encarna en los hombres. Para los antiguos aztecas lo esencial era asegurar la continuidad de la creación; el sacrificio no entrañaba la salvación ultraterrena, sino la salud cósmica; el mundo, y no el individuo, vivía gracias a la sangre y la muerte de los hombres. Para los cristianos, el individuo es lo que cuenta. [...] Para los cristianos la muerte es un tránsito, un salto mortal entre dos vidas, la temporal y la ultraterrena; para los aztecas, la manera más honda de participar en la continua regeneración de las fuerzas creadoras, siempre en peligro de extinguirse si no se les provee de sangre, alimento sagrado. En ambos sistemas, vida y muerte carecen de autonomía; son las dos caras de una misma realidad. Toda su significación proviene de otros valores, que las rigen. Son referencias a realidades invisibles.

Men sjølv om denne teksta kan verke vanskeleg (hugs at elevane skal lære å utvikle lesestrategiar), kan ho nok likevel brukast i den vidaregåande opplæringa i eit samarbeid mellom norsk, spansk og religion og etikk; læreplanen for norsk i Vg2 seier jo at elevane skal kunne ”drøfte fellesskap og mangfold, kulturmøter og kulturkonflikter med utgangspunkt i et bredt utvalg av norske og utenlandske samtidstekster i ulike sjangere” (Utdanningsdirektoratet [2006b]).

Katolsk song og musikk som resultat av kulturmøte

Den same gleda som vi såg i biletserien frå Venezuela, finn vi i det musikkverket som best kan tene som utgangspunkt for tverrfagleg samarbeid om dei forholda som eg har prøvd å behandle her: *Misa Campesina* av Carlos Mejida Godoy, som kan kombinere religion (frigjeringsteologi), glosetrening, musikk og historie. Her er nokre lenkjer som i august i år førte til filmbitar med innslag frå *Misa Campesina*):

- <http://momotombo.vox.com/library/audio/6a00d4143e583d6a4700e398bbe8020001.html>
- <http://youtube.com/watch?v=ZtoaZPxFHoM&feature=related>
- <http://youtube.com/watch?v=wKjaTAdrhO4&feature=related>
- <http://youtube.com/watch?v=sK1ND7USkI0&feature=related>

Her er teksta:

- <http://seviccentgalerialiteraria.blogspot.com/2007/07/misa-campesina-nicaragense.html>

Og Carlos Mejida Dodoy med "El Dios de los pobres" finn vi på

- <http://youtube.com/watch?v=vISCUVwKyno&feature=related>

Ettersom norske elevar i større grad er *julevenner* enn *pinse-* og *påskevenner* (dei to dominerande kristne retningane i Latin-Amerika; det er katolikkane som er påskevenner), bør vi kanskje òg ta med "Misa Criolla", som er å finne på m.a.

- <http://www.youtube.com/watch?v=GZfEI4Cfuos&feature=related>
- <http://www.youtube.com/watch?v=3ibnzzXsiyg>
- <http://www.youtube.com/watch?v=JHJ1IXLzI64&feature=related>

Kulturkonflikt i New Mexico: "Tony's Story"

Men vi kan ikkje stoppe sør for Río Grande. Ei av dei skjønnlitterære tekstene som aller best behandlar religion og interkulturalitet, er novella "Tony's Story" av Leslie Marmon Silko, som eg var rask til å ta med i engelskverket *Good Morning, America!* (Gulbrandsen et al. 1996), men i dag er teksta berre representert i Cappelens *Passage* (Anvik, T.Chr., R. Burgess & Th.B. Sørhus 2006). Novella handlar om konflikten mellom kulturen til urinnvånarane i ein *pueblo* og det kvite storsamfunnet og byggjer på ei verkeleg hending der ein urinnvånar frå Acoma⁶ skaut ein kvit politimann. Marmon Silko utnyttar så denne historiske episoden til å setje søkjelyset på kulturkonfliktar basert på naturfolks religion.

Handlinga startar på festen for San Lorenzo med at dei negative kreftene har overtaket i form av tørke (*ibid.*, s. 150):

It happened one summer when the sky was wide and hot and the summer rains did not come; the sheep were thin, and the tumbleweeds turned brown and died. Leon came back from the army. I saw him standing by the Ferris wheel across from the people who came to sell melons and chili on San Lorenzo's Day. He yelled at me. "Hey Tony – over here!" I was embarrassed to hear him yell so loud, but then I saw the wine bottle with the brown-paper sack crushed around.

"How's it going, buddy?"

⁶ Sjå t.d.

http://www.fabuloustravel.com/index.php?option=com_resource&controller=article&category_id=393&article=21827 og <http://images.google.no/images?hl=no&q=%22Sky+City%22+%2B+%22Acoma%22&btnG=S%C3%B8k+etter+bilder&gbv=2>.

He grabbed my hand and held it tight like a white man. He was smiling. "It's so good to be home again. They asked me to dance tomorrow – it's only the Corn Dance, but I hope I haven't forgotten what to do."

"You'll remember – it will all come back to you when you hear the drum." I was happy, because I knew that Leon was once more a part of the pueblo. The sun was dusty and low in the west, and the procession passed by us, carrying San Lorenzo back to his niche in the church.

"Do you want to get something to eat?" I asked.

Leon laughed and patted the bottle. "No, you're the only one who needs to eat. Take this dollar – they're selling hamburgers over there." He pointed past the merry-go-round to a stand with cotton candy and a snowcone machine.

It was then that I saw the cop pushing his way through the crowd of people gathered around the hamburger stand and bingo-game tent; he came steadily towards us. I remembered Leon's wine and looked to see if the cop was watching us; but he was wearing dark glasses and I couldn't see his eyes.

Orden i tilværet blir ikkje oppretta før fleire dagar seinare då mørkekraftene – representert av politimannen – blir utrydda ved hjelp av magi; fyrst *då* kjem det livgivande regnet (*ibid.*, s. 156):

The gas tank exploded and the flames spread along the underbelly of the car. The tires filled the wide sky with spirals of thick black smoke.

"My God, Tony. What's wrong with you? That's a state cop you killed." Leon was pale and shaking.

I wiped my hands on my Levis. "Don't worry, everything is O.K. now, Leon. It's killed. Sometimes they take on strange forms."

The tumbleweeds around the car caught fire, and little heatwaves shimmered up towards the sky; in the west, rain clouds were gathering.

Den interkulturelt kompetente lesaren vil – etter å ha lese heile novella – skjønne at "it" refererer til politimannen (som var "he" fyrst i novella) fordi Tony oppfattar han som personifikasjon av det vonde, og "they" er hekser og djevlar og andre farlege vesen. På heimesida til Helga Hoel vil ein finne meir bakgrunnsstoff:

- <http://home.online.no/~helhoel/ur.htm>
- <http://home.online.no/~helhoel/silko.htm>

"... formas religiosas autóctonas"

Denne presentasjonen har ikkje meint å skulle presentere systematiske undervisningsopplegg, for i pedagogikken er det som kjent nødvendig å finne opp kruttet fleire gonger, men eg har meint å gi ein del idear til å utvide horisonten til elevane og og få dei til å sjå samanhengar. Alle dei tre hovudgruppene som elevane i Moca viste kom til Latin-Amerika, gjennomlevde kulturelle møte og tok følgjene kvar på sin måte, medvite og umedvite. Elevane våre lyt lære at verda er meir enn det heimlege, og at språk opnar dører, både innover i oss sjølve og utover mot verda.

Eg har heller ikkje vore systematisk når det gjeld å behandle interkulturalitet i praksis, men eg håper at det eg vist om kultur møte i Latin-Amerika kan stimulere til vidare arbeid. Berre ved å bruke andres vellykka arbeid til å utforme eigne, reflekterte undervisningsopplegg, kan vi lykkast med å nå fram til elevane.

For å avslutte, kan vi ta utgangspunkt i at i Latin-Amerika har det neppe aldri eksistert ein "rein" katolisisme, kva det no måtte vere. Det interessante i vår samanheng her er dei mange gråsonene, "zonas intermedias", med uklare grenser, og der kvar latinamerikanar kvar dag skapar si eiga verdsoppfatning på bakgrunn av fortid og samtid og kva ho og han vil for framtida. Det er dette som er interkulturalitet. Desse sonane er vanskelg å definere og kvantifisere. Men det er viktig ikkje å vere meir katolsk enn pave Johannes Paul II (1999), som faktisk ser ut til å godkjenne at sjølv om Bibelen seier at Gud skapte mennesket i sitt bilete, skapar òg mennesket Gud i sitt eige bilete:

[L]a piedad popular es expresión de la inculturación de la fe católica y muchas de sus manifestaciones han asumido formas religiosas autóctonas. [...] La Iglesia reconoce que tiene la obligación de acercarse a los americanos de origen africano a partir de su cultura, considerando seriamente las riquezas espirituales y humanas de esta cultura que marca su modo de celebrar el culto, su sentido de alegría y de solidaridad, su lengua y sus tradiciones.

Overfor kjensgjerningar som at mange som er katolikkar i namnet, ikkje praktiserer trua slik dei burde, at protestantane, og særleg pinsevevne, er på frammarsj samtidig med at ateismen grip om seg, ønskte paven å "seguir trabajando durante el tercer milenio con renovado vigor en la Evangelización de América" (La Pontificia Commissione ... 2000) ved hjelp av Nuestra Señora de Guadalupe, som sørgjer for eit mytisk "manglande ledd" mellom religionen til erobrarane og religionen til dei erobra (Smart 1998: 571). Johannes Paul II (1999) seier: "El rostro mestizo de la Virgen de Guadalupe fue ya desde el inicio en el Continente un símbolo de la inculturación de la evangelización, de la cual ha sido la estrella y guía."

Når paven ber Nuestra Señora de Guadalupe om hjelp i reevangeliseringa, skal vi ikkje sjå bøna hans berre som uttrykk for toleranse, men òg som ei medviten og sikkert nødvendig tilpassing til kulturelt betinga religiøse forhold. Så samansett er interkulturalitet og religiøsitet i Latin-Amerika. Lykke til med kultur møta!

Litteratur

Álvarez-Solar, M. y E. Fonseca (eds.) (2006): *Sociedad y cultura en América Latina*. Fagbokforlaget, Bergen.

Anvik, T.Chr., R. Burgess & Th.B. Sørhus (2006): *Passage: engelsk for Vg1 – studieforbereidende utdanningsprogram*. Cappelen, Oslo.

Consejo de Europa (2002): *Marco común europeo de referencia para las lenguas: aprendizaje, enseñanza, evaluación*. Ministerio de educación, cultura y deporte / Instituto Cervantes / ANAYA, Madrid.

Den katolske kirke (2008): "Vår Frue av Guadalupe". <http://www.katolsk.no/biografi/des12.htm>. (29.7.2008, 13.45).

Det kongelige kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartement (1997): *Læreplan for grunnskole, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring: generell del*. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Oslo.

Eide, L. & Å. Johnsen (2006): "La presencia de América Latina en los métodos de E/LE en Noruega". I: *Actas del I Congreso de ANPE*. <http://www.mepsyd.es/redele/Biblioteca2006/anpe/ComunicacionEide.pdf> (28.9.2008, 10.32).

Gascoigne, B. (1978): *De kristne*. Grøndahl & Søn, Oslo.

Gulbrandsen, K. et al. (1996): *Good Morning, America!*. Aschehoug, Oslo.

Gulbrandsen, K. (2008): *La Religiosidad en América Latina*. Eksamensoppgåve i spansk kulturkunnskap våren 2008. Høgskolen i Lillehammer[(upublisert)].

Hellstrøm Groth, B., G. et al. (2006): *Mundos nuevos: libro de textos*. Aschehoug, Oslo

IgoUgo Review (2008): Parque Colón, Santo Domingo. http://www.igougo.com/attractions-reviews-b60195-Santo_Domingo-Parque_Coln.html (30.7.2008, 10.37).

Juan Pablo II (1999). *Exhortación Apostólica postsinodal Ecclesia in América del Santo Padre Juan Pablo II a los Obispos, a los Presbíteros y Diáconos, a los Consagrados y Consagradas y a todos los Fieles Laicos sobre el Encuentro con Jesucristo Vivo, Camino para la Conversión, la Comunión y la Solidaridad en América*. Ciudad del Vaticano: Libreria Editrice. <http://www.conferenciaepiscopal.es/documentos/magisterio%20Juan%20Pablo%20II/otros%20documentos/america.htm>. (17.3.2008, 13.50).

- Katolsk informasjonstjeneste (2008): "Om den katolske kirke – for skoleelever".
http://www.katolsk.no/info/vaar_tro.htm (28.9.2008, 13.42).
- La Pontificia Commissione per l'America Latina (2000). "Messaggio della Pontificia Commissione per l'America Latina in occasione della celebrazione in Spagna del Día de Hispanoamérica (5 marzo 2000)."
<http://www.aciprensa.com/utiles/myprint/print.php>. (17.3.2008, 14.05).
- Lundqvist, H. (2006): *Columbus*. Schibsted, Oslo.
- McGuire, M. (2002): *Religion: the social context*. Fifth Edition. Wadsworth, Belmont.
- Menchú, R. (1992): *Jeg, Rigoberta Menchú*. Cappelen, Oslo.
- Paz, Octavio (2008): "En el laberinto de la soledad".
<http://www.ensayistas.org/antologia/XXA/paz/paz2.htm> (4.8.2008, 09.52).
- Pharo, L.K. (2007): *Myter fra Meso-Amerika*. Bokklubben, Oslo.
- Rønning, H. (2007): *Yoruba: et vestafrikansk folks myter og dikt*. Bokklubben, Oslo.
- Smart, N. (1998): *The World's Religions*. Second Edition, Third Printing. Cambridge University Press, Cambridge.
- Undset, S. (1986): *Kristin Lavransdatter*. Kransen – Husfrue – Korset. Aschehoug, Oslo.
- Undset, S. (1990): *Kristina Lavransdatter*. Tomo II. Andrés Bello, Santiago de Chile.
- Utdanningsdirektoratet [2006a]: *Læreplan i fremmedspråk*.
http://www.udir.no/templates/udir/TM_L%C3%A6replan.aspx?id=2100&laereplanid=123914 (28.7.2008, 10.09).
- Utdanningsdirektoratet [2006b]: *Læreplan i norsk*.
http://www.utdanningsdirektoratet.no/templates/udir/TM_L%C3%A6replan.aspx?id=2100&laereplanid=114245&visning=5&sortering=2&kmsid=114439
(4.8.2008, 10.10)
- Vårt Land (23.5.2008): "Fargerik nattverdsfest".
<http://www.vl.no/kristenliv/article3565201.ece?token=&start=2&serie=0>.
(30.7.2008, 14.45).
- Yri, J. (2008): "Caribeños de Noruega. Viaje de estudios a Moca, República Dominicana 2008.": *Actas del II Congreso de la Asociación Noruega de Profesores de Español*. Madrid: RedEle, 2009

Elevar frå Canca Reina, Moca, República Dominicana



(foto: Kjell Gulbrandsen)



(foto: Kjell Gulbrandsen)



(foto: Kjell Gulbrandsen)